

Kommunal forskrift om motorferdsel i utmark og vassdrag, Vinje kommune, Telemark

§ 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er ut frå eit samfunnsmessig heilskapssyn å regulere motorferdsla i utmark og vassdrag med sikte på å verne om naturmiljøet og fremje trivselen.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld for Vinje Kommune. Forskrifta utfyller dei bestemmelsane som er gjeve i lov dagsett 10. juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag, samt nasjonale forskrifter gjeve i medhald av lova.

Med motorferdsel meinas i denne forskrift bruk av køyretøy (bil, traktor, motorsykel, beltebil, snøskuter o.l.) og båt eller anna flytende eller svevande fartøy drevet med motor, samt landing og start med motordrevet luftfartøy.

Med motorkøyretøy meinas i denne forskrift bil, traktor, motorsykel, beltebil, snøskuter o.l.

Med motorfartøy meinas i denne forskrift båt eller anna flytende eller svevande fartøy drevet med motor.

§ 3. Generelle reglar

I samband med motorisert ferdsel i utmark gjelder følgjande generelle reglar:

- a) All motorferdsel i utmark krev tillating frå grunneigar.
- b) All motorferdsel i utmark skal skje omsynsfullt og på ein skånsam måte slik at det ikkje oppstår skade på person, natur eller eigedom eller at den er til unødig sjenanse for andre.

§ 4. Ferdsel med motorfartøy på vatn under 2 km²

Ferdsel med motorfartøy er tillat på vatn under 2 km² utanfor Hardangervidda nasjonalpark og andre verneområder i samband med jakt og garnfiske.

Ferdsel med båt som har større motor enn 10 HK er forbode på vatn under 2 km².

§ 5. Landing og start med luftfartøy- ikkje søknadspliktig

Utover det som er direkte heimla i lov, er landing og start med luftfartøy i utmark utanfor Hardangervidda nasjonalpark og andre verneområder tillat for følgjande føremål:

- a) nødvendig transport av materiale og utstyr til bygging i samsvar med byggeløyve,

- b) nødvendig transport i samband med tilsyn og vedlikehald av kraftanlegg,
- c) transport av jegerar og jaktutbyte i samband med jakt på storvilt,
- d) nødvendig transport i samband med vitenskaplege undersøkingar etter oppdrag frå forskingsinstitusjon,

§ 6. Landing og start med luftfartøy etter søknad

Kommunen kan etter søknad gi løyve til landing og start med luftfartøy i utmark for følgjande føremål:

- a) nødvendig transport av materiale og utstyr i samband med vedlikehald og mindre tiltak som er unntatt byggesaksbehandling,
- b) nødvendig transport av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer,
- c) nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak,
- d) Ved transport av funksjonshemma/eldre.

§ 7. Vasskuter

Det er eit generelt forbod mot all bruk av vasskuter i Vinje kommune.

§ 9. Ikraftsetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft så snart den er kunngjort i Norsk Lovtidend.